



MØTEBOK

Prioritering av spelemidler for 2017

Utval sak	Utval	Møtedato
99/16	Formannskapet	07.12.2016

Bakgrunn:

Ein føresetnad for at ein organisasjon skal kunna søkja spelemidler frå kulturdepartementet er at vedkomande kommune har ein plan for idrett og friluftsliv der alle prioriterte anlegg inngår. Det har Fitjar.

Anleggsdelen i Fitjar sin kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2014-2024 vert rullert ein gong i året. Dette gjer ein ved å politisk godkjenne lista over innkomne/fornya søknader, samt prioritere rekkjefølgje på desse dersom nokon av dei kjem i konkurranse med kvarandre.

Frist for vidaresending av innkomne søknader til fylkeskommunen er 15. januar.

Saksopplysningar:

Nedanfor fylgjer søknader om spelemidler for 2017:

Ordinære idrettsanlegg:

Fornya søknader

*Lys på kunstgrasbane kr.218 400,- eks/mva

*Rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule. Kostnad eks/mva 216 584,-

Nye søknader

* Toppdekke på friidrettsbane kostand eks/mva kr.1 070 000,-

* Nytt kunstgras på kunstgrasbanen kostnad eks/mva kr. 1 953 800,-

Nærmiljøanlegg:

Fornya søknader for 2017:

Nærmiljøanlegg

Fitjar kommune/ Rimbareid barne- og ungdomsskuleskule –uteområde ved skulen:

Aktivitetsflate II «mellomtrinnet», totalkostnad kr 393 700,-

Aktivitetsflate III «ungdomstrinnet», totalkostnad kr 634 100,-

I tillegg til dette kjem 5% administrasjon og 25% MVA i berekningsgrunnlaget.

Uteområdet er grovt delt i 3 soner, der ulike leiker/apparat/anlegg er plassert i forhold til alderstrinna til elevane. Småskulen/SFO har ca 120 elevar, der er hinderløypa eit nytt og spennande anlegg ute. Her får ungane små og store fysiske utfordringar.

Ballbingen er plassert på området for mellomtrinnet, dei er ca 100 elevar. 2 skaterampar skal plasserast i nærleiken av ballbingen. Det er elles få skate-tilbod i kommunen. Den gamle grusbanen er oppgradert til kunstgras, tribunen som høyrer til er teken vekk og erstatta med ny. Dette området vert mykje nytta av ungdomsskule elevar, skulen har ca 140 elevar på dette trinnet. Ein har fått utbetalt spelemidlar for første del av anlegget.

Heile området rundt skulen vert og nytta som nærmiljøanlegg, etter skuletid. Det samlar born og foreldre til ulike aktivitetar på området, for eks. balleik, hinderløype, sjakk (måla på asfalten), sykling.

Dåfjorden velforening søkjer om opprustning av tursti frå Skaret – Svartasmoget til Selevik(rundløype) med ein del dugnadsarbeid. Turstien har nasjonal merking og lengde på om lag 9,0 km. Totalkostnad kr 127 500,- eks MVA.

Tursti Strandpromenade i Fitjar sentrum- Moahagen med aktivitetar. Totalkostnad kr 450 000 eks mva. Eigar til tursti strandpromenade er Fitjar kommune. Ein tek sikte på å lage ein tursti med aktivitetar langs turruta. Turstien går m.a. forbi sandvolleyballbane ved Fitjar fjordhotell, Galleri Losjen, planen er å lage ein grillplass langs ruta. Turstien har vore omsøkt tidlegare men ein har berre fått tildelt ein del av søkesummen.

Nye søknader for 2017

*Fitjarstølane barnehage treng nytt aktivitetsområde. Dette område skal vere ope for ålmenta etter at barnehagen er stengt. Kr 575 000,- eks mva.

* Utviding av eksisterande ativitetsområde ved rådhuset med klatretårn og taubane. Kr 365 000,- eks/ mva.

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune prioriterer søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgjen:

1. Fitjar kommune - rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule.
2. Fitjar kommune- toppdekke på friidrettsbane
3. Fitjar kommune - lys på kunstgrasbane
4. Fitjar kommune - Nytt kunstgras på kunstgrasbanen

Fitjar kommune prioriterer søknadar om nærmiljøanlegg i denne rekkefølgja:

1. Fitjar kommune - aktivitetsflate III «ungdomstrinnet»
2. Tursti strandpromenade i Fitjar sentrum
3. Fitjar kommune - aktivitetsflate II «mellomtrinnet»
4. Dåfjorden velforeinging - opprusting av tursti Skaret – Selevik.
5. Fitjar kommune - Aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage
Fitjar kommune - Aktivitetsområde ved rådhuset

Behandling i Formannskapet - 07.12.2016:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka. Nokre av summene skal justerast etter nye opplysningar i saka, administrasjonen rettar dette før innsending til fylkeskommunen.

Under nærmiljøanlegg skal pkt 2 og 3 bytta plass, og siste setning skal vera pkt. 6.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune prioriterer søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgen:

1. Fitjar kommune - rehabilitering av belysning og elektriske anlegg ved gymnastikksal Rimbareid barne- og ungdomsskule.
2. Fitjar kommune- toppdekke på friidrettsbane
3. Fitjar kommune - lys på kunstgrasbane
4. Fitjar kommune - Nytt kunstgras på kunstgrasbanen

Fitjar kommune prioriterer søknadar om nærmiljøanlegg i denne rekkefølga:

1. Fitjar kommune - aktivitetsflate III «ungdomstrinnet»
2. Fitjar kommune – aktivitetsflate II «mellomtrinnet»
3. Tursti strandpromenade i Fitjar sentrum
4. Dåfjorden velforeinging - opprusting av tursti Skaret – Selevik.
5. Fitjar kommune - Aktivitetsområde Fitjarstølane barnehage
6. Fitjar kommune - Aktivitetsområde ved rådhuset

Atle Tornes
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.